


# Stafettlogg



## Kva er det?

Digital plan over tiltak, mål, deltarar og tidspunkt for evaluering

Ein digitalt samhandlingsverktøy for å gje deg betre oversikt når fleire tenester samarbeider for å hjelpe deg/ditt barn. Stafettlogg er ein digital logg for å sikre dokumentasjon, samarbeid, framdrift og oversikt. Stafettloggen gjer oversikt over kva utfordringar de jobbar saman for å løyse. Her blir det lagt inn mål, tiltak, kven som er ansvarleg for kvart tiltak og tidspunkt for evalueringsmøte.

## Korleis fungerer stafettloggen?

Digital plan som lagast i samråd med familien/barnet/ungdommen.

Stafettloggen blir oppretta når foreldre/ungdom samtykker og ønsker stafettlogg. Det er familien/ungdomen som eig stafettloggen, og bestemmer kven som skal ha tilgang.

Stafettloggen blir laga i møter med familien/ungdommen og dei aktuelle tenestene som arbeidar med barnet/ungdommen. Her jobbar ein saman for å finne gode mål og tiltak for å hjelpe barnet/ungdommen på best mogleg måte. Du kan når som helst logge deg inn på stafettloggen, og få oversikt over mål og tiltak, kven som er ansvarleg for tiltak.

## Kven har ansvar for å følgje opp stafettloggen?

Alle som deltek i loggen har ansvar for å følgje opp sine oppgåver.

Stafethaldar koordinerer arbeidet.

Når det blir oppretta ein stafettlogg, får ein av dei som jobbar tett på barnet/ungdommen rolla som **stafethaldar**. Stafethaldar skal koordinere arbeidet med stafettloggen, og passar på at stafettloggen er oppdatert. Stafethaldaren inviterer til møter, og skriv referat frå møta.



**OSTERØY**  
KOMMUNE